

Notat

Dato: 31.03.2017
Arkivsak: 2017/3149-2
Saksbehandlar: elsaaro1

Til:	Utval for opplæring og helse; Utval for kultur, idrett og regional utvikling; Utval for miljø og samferdsel og Fylkesutvalet.
Frå:	Fylkesrådmannen

Melding om oppstart av revisjon av Handlingsprogram 2018-2021 for Regional plan for folkehelse 2014-2025**Bakgrunn**

I tråd med *Regional planstrategi 2016-2020 Utviklingsplan for Hordaland*, skal ikkje Regionalplan for folkehelse 2014-2025 reviderast i inneverande planperiode. Noverande handlingsprogram gjeld i perioden 2014-2017.

Fylkesrådmannen melder at Handlingsprogrammet 2018-2021 til Regional plan for folkehelse er planlagt revidert i perioden 01.04.2017 - 01.12.2017. Fylkesrådmannen har som mål at revidert handlingsprogram vert sendt til sluttbehandling i Fylkesutvalet i oktober 2017.

Prosjektskildring

Det er utarbeidd prosjektskildring for arbeidet i tråd med føringar knytt til *Regional planstrategi 2016-2020 Utviklingsplan for Hordaland*. Her er det opna opp for revisjon av handlingsprogram til regionale planar kvart fjerde år. Handlingsprogrammet til Regionalplan for folkehelse er planlagt revidert gjeldane for perioden 2018- 2021.

Administrativ prosjektorganisering

Revisjonsarbeidet er tenkt gjennomført administrativt. Fylkesrådmannen har delegert ansvar for gjennomføring av prosjektet til Fylkesdirektør for regional utvikling. Regionalavdelinga har etablert prosjektsekretariat.

Etter Regional planstrategi 2016-2020 er ein viktig suksessfaktor for å nå målsetjingane med Regional plan for folkehelse, å trekkje planen og handlingsprogrammet inn i dei relevante sektorområda i Hordaland fylkeskommune.

Medverknad

Regional plan for folkehelse er bygd opp gjennom fem temaområder: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming, Lokalsamfunn, Nærmiljø og bustader, Oppvekst og læring, Arbeid og arbeidsplassen, Aktivitet og sosialdeltaking. Det er tenkt medverknad i revisjonsarbeidet både frå Hordaland fylkeskommune og frå eksterne samarbeidspartar.

Folkehelseringen til Hordaland fylkeskommune får ein sentral samordningsrolle på tvers av fagavdelingane i fylkeskommunen. Fylkeskommunen sine råd vil bli orientert om arbeidet. I tillegg vil representantar frå kommunar, Fylkesmannen, kunnskapsmiljø og frivillig sektor bli invitert inn som dialogpartar i arbeidet.

Hausten 2017 er ope høyringsmøte under planlegging. Til denne samlinga vil det bli sendt invitasjon til politisk leiing.

Nye føringar som vil bli lagt til grunn for revisjonsarbeidet:

- Regional planstrategi 2016-2020. Utviklingsplan for Hordaland.
- Folkehelsa i Hordaland 2015. Ei kunnskapsoversikt.
- Politisk vedtak fylkestinget frå mars 2016.
- Folkehelsemelding nr. 34, 2012-2013;
- Folkehelsemelding nr. 19, 2014- 2015 – særleg oppfølging av nytt program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2020.
- Røynsler knytt til utvikling av indikatorar for det løpande oversiktsarbeidet både i Hordaland fylkeskommune og i kommunane.

Fylkesrådmannen melder om oppstart av revisjon Handlingsprogrammet 2018-2021 Regionalplan for folkehelse 2014-2025, i tråd med vedlagt prosjektskildring.

Vedlegg: Prosjektskildring